

Yrkesseksjon helse og sosial

Helse- og omsorgsdepartementet
Postboks 8011 Dep.
0030 OSLO

Deres ref.:
24/3537

Vår ref.:
24/6872-3 EHU
Eskild Hustvedt / 47646514

Dato:
06.01.2025

Høyring – forslag til endringar i reglane om teieplikt i helsepersonellova og pasientjournallova mv.

Teieplikta er ein av dei mest grunnleggjande pliktane ein har i helsetenesta. Den legg grunnlaget for at pasientar skal kjenne seg trygge, og sikrar at dei tør gi korrekte opplysningar til helsetenesta, noko som er avgjerande for at ein skal klare å gi god behandling. Ein kan heller ikkje handtere teieplikta som eit reint juridisk spørsmål. Det handlar like mykje om tillit og yrkesetikk.

Når ein lagar lovverk som helsepersonell skal nytte og fylgje i kvardagen er det særleg viktig at det er forståeleg og for personar utan spesiell juridisk kompetanse. Dei færraste av helsepersonell har juridisk kompetanse ut over heilt grunnleggjande opplæring under utdanning. Ein må difor unngå føresegn som for ein jurist kanskje er openberre og «sjølvsagte», og heller nytte litt ekstra plass på å gjere det eksplisitt sånn at ein i minst mogleg grad må tolke.

For teieplikta spesifikt er det òg ei plikt som dei fleste har ei intuitiv forståing av – opplysningar skal ikkje gis vidare med mindre det er naudsynt for å gi helsehjelp. Fleire særreglar og unntak gjer denne intuitive forståinga mindre korrekt, noko som gjer kvardagen meir komplisert for helsepersonell, og potensielt kan redusere enkelte si tillit til helsetenesta. Ein bør difor halde desse lettfattelege og til eit minimum.

Eksplisitt om teieplikt for personar som ikkje er helsepersonell

Viser til gjeldande versjon av helsepersonellova §25, fjerde ledd «Personell som nevnt i første, andre og tredje ledd har samme taushetsplikt som helsepersonell.». Sånn me les forslaget frå departementet er gammal §25 dekket av ny §23, men den nye paragrafen er mindre eksplisitt enn den gamle §25. Av pedagogiske omsyn, og for å unngå tolking og uvisshet hos både helsepersonell og pasientar foreslår me at ein tek inn ein tilsvarande setning om at teieplikta òg gjeld for «samarbeidande personell».

Tilgang til opplysningar hos andre verksemder

Fagforbundet er positive til at ein no i lovverk legg til rette for ein meir smidig og automatisert

informasjonsdeling mellom ulike instansar i helsetenesta. At ein ikkje har hatt gode digitale løysingar for informasjonsdeling har resultert i at helsepersonell må bruke mykje tid på å innhente naudsynte opplysningar. Dette er ei utfordring som våre medlemmar har uttrykt over tid, og ei løysing på dette ynskjer me velkomen.

For å unngå at tilgangen til å hente opplysningar hos andre verksemder automatisk skapar uro hos pasientane er det viktig at dei har fått god informasjon om retten til å motsetje seg utleveringa av opplysningane. Dette er kanskje særleg viktig i tenester som behandlar opplysningar som er ålment rekna som særleg sensitive, t.d. enkelte tenester innan reproduktiv helse, psykiatri og rus.

Dette krev sjølvstøtt god og tilgjengeleg informasjon for pasientane, men like viktig er god opplæring av alt helsepersonell som er involvert i handteringa av denne typen opplysningar, sånn at desse igjen kan informere pasientane om denne retten. Det er vesentleg at ein inkluderer alt helsepersonell i denne opplæringa, og ikkje avgrensar den til t.d. lege og tannlege.

«Teieplikta gjeld tilsvarande»

Fagforbundet stør at formuleringa vert fjerna. Me føreset at lovendinga blir fylgd av ei god forklaring på korleis det nye lovverket skal tolkast. Ein kvar endring av teieplikta inne kan gjere helsepersonell og pasientar uroa, sjølv om det i realiteten ikkje er snakk om ei «oppmjuking». Dette kan løysast gjennom gode opplæringsmateriell, og tilgjengelege forklaringar tilpassa personell utan juridisk kompetanse.

Utvida høve til informasjonsdeling i eit arbeidsfellesskap

Fagforbundet ynskjer å særleg påpeike at det er positivt at ein no tydeleggjer, og utvidar høvet for helsepersonell utan behandlarrelasjon å kunne dele opplysningar i eit arbeidsfellesskap. At dette høvet til ein viss grad er avgrensa til legar og tannlegar i dag er til hinder for erfaringsutveksling mellom helsepersonell, som vil kunne kome pasientane til gode.

Med helsing
FAGFORBUNDET

Eskild Hustvedt
rådgjevar